

VERKADALEN

Verkadalen var heimestølen til Røynstrand og ligg om lag i 350 meters høgde. Dei buførte heimanfrå og ut til Selstad og opp lia til Verkadalen. Her var dei nokre fåe veker til dei drog vidare gjennom Fremsdalen, framom Fremsdalstjørn og Lomtjørn og til Bjørndalen som ligg i over 600 meters høgde.

På kvar av stølane (Verkadalen og Bjørndalen) var det tre sel. Øvre Røynstrand hadde 120-1, hadde sitt eige sel. Det same hadde Nedre Røynstrand 121-1, medan 121-2 og 3 hadde sel i lag sidan dette hadde vore eitt bruk fram til 1862.

Andres Seim fortel at det var slutt med stølinga på Bjørndalen i 1892 då budeia Barbrå Nilsdotter Røynstrand brått døydde på stølen. Ho var syster til oldefaren til Andres. På Verkadalen vart det støla fire år lenger, til 1896. I dag er det berre tuftene som viser att på dei to stølane. Men Andres Seim har sett seg opp ei hytte på Bjørndalen. Andres eig Nedre Røynstrand 121-2. På Bjørndalen står også eit anna hus, oppsett i 1930- åra, bygd av Nils E. Eide, Severin Hamre, Sjovat Røynstrand og Hans Lund.

Soga seier at det har vore strid om beita mellom Røynstrand og Djønno, og at saka kom føre på tinget i 1699. Mennene på Røynstrand med den fyrste Møllerup i brodden hadde reist opp og rive ned sela til Djønnomennene, og jaga bort beista deira. Djønno hevda Fremsdalen var Kongens Almenning og at dei hadde rett til å beita der.

I krigsåra vart det hogge mykje ved på Verkadalen som vart frakta ned til sjøen og lasta om bord i båt. Nokre år kring 1950 var der også oksehamn på Verkadalen.

God tur!

Granvin turlag

Kjelde : «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim